

Saksprotokoll i Hovudutval for næring - 05.11.2020

Thorbjørn Vareide (A) sette fram på vegne av A, MDG, Sp, SV, V og KrF slikt forslag:

“Nytt punkt 4:

Hovudutvalet for Næring meiner at ein ikkje lar koronapandemien sette stopper for busettinga av flyktningar dei neste åra. Vi tilrår også at talet på busetting av flyktningar i Noreg blir auka i dei neste åra for å kompensere for dei som ikkje blei henta i 2020 på grunn av koronapandemien, sånn at vi totalt sett ikkje busett ferre flyktningar enn det som var planlagt før den nedjusterte anmodninga for 2020. “

Avrøysting

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Vareide sitt forslag fekk 10 røyster mot 4 røyster (H, Frp) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling

1. Fylkesutvalet tek orientering om arbeidet med busetjing i Vestland til vitande.

2. Fylkesutvalet ønskjer å følgje arbeidet med busetjing i kommunane, og ber om å bli orientert om situasjonen på nyåret 2021.

3. Fylkesutvalet vil på eit seinare tidspunkt vurdere innspel til dei nasjonale kriteria for busetjing i kommunane. Dette skal vere basert på regionalt samarbeid og dialog med kommunane og god kunnskap om utviklinga i fylket.

4. Hovudutvalet for Næring meiner at ein ikkje lar koronapandemien sette stopper for busettinga av flyktningar dei neste åra. Vi tilrår også at talet på busetting av flyktningar i Noreg blir auka i dei neste åra for å kompensere for dei som ikkje blei henta i 2020 på grunn av koronapandemien, sånn at vi totalt sett ikkje busett ferre flyktningar enn det som var planlagt før den nedjusterte anmodninga for 2020.